

# **Protokoll**

## **Årsmøte i Rogaland Ungdomslag**

Stad: **Nettmøte kl 19.00-21.00**

Dato: **25.03.2021**

Styreleiar, Synnøve Jørgensen, ønska velkomen til årsmøte.

### **Sak 1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

**Vedtak:** Årsmøte 2021 godkjenner innkalling og sakliste.

### **Sak 2 Namneopprop og røysterett**

Det er 17 utsendingar med røysterett, 0 observatørar og 2 gjester til stades på møtet. Totalt var 5 av 14 lokallag representert. Den siste utsendingen kom inn under sak 8, rekneskap.

### **Sak 3 Val av ordstyrar**

**Vedtak:** Årsmøtet 2021 vel Nils Erik Eide til ordstyrar.

### **Sak 4 Forretningsorden**

**Vedtak:** Årsmøtet vedtok forslag til forretningsorden.

### **Sak 5 Val av referent**

**Vedtak:** Årsmøtet vel Solgunn Liestøl til referent.

### **Sak 6 Val av to til å skriva under protokollen**

**Vedtak:** Årsmøtet vel Heidi Eikås, BUL Stavanger og Oddbjørg Halsteindal, HMU til å skriva under møteprotokollen.

### **Sak 7 Årsmelding 2020**

Ann Cathrine Høyland frå fylkesstyret la fram årsmeldinga for 2020.

Desse tok ordet i saken: Anne Marie Nerby, Jostein Apeland

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner årsmelding 2020 med ein merknad:

Synnøve Jørgensen var nyvald som leiar, men attval i styret.

### **Sak 8 Rekneskap 2020**

Håvard Ims frå fylkesstyret la fram rekneskapen. Det viser overskot på kr 6745

- Tilskot til sommarteaterskulen får utbetalt pengar i 2021.
- Spørsmål om søknad ekstern: Håvard svarer at det er ny ordning i fylket, gjer at me får mindre utbetalt. Pga etter medlemmer, ikkje aktivitet.
- Ettersøker balanse
- Håvard forklarar at kontoen ikkje stemmer over i balanse pga at ein førte fylkeskommunale støtte frå 2019 på 2020.
- Revisjonsrapporten

Desse tok ordet i saken: Anne Marie Nerby, Oddbjørg Halsteindal, Målfrid Grimstvedt.

**Vedtak:** Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2020 med eit overskot på kr 6740,23.

*Orienteringssak om folkekulturmillionen ved leiar Synnøve Jørgensen.*

### **Sak 9            Arbeidsprogram for 2021**

Solgunn Liestøl frå fylkesstyret la fram styret sitt forslag til arbeidsprogram for 2021.

**Vedtak:** Årsmøtet vedtok forslag til arbeidsprogram for 2021.

### **Sak 10           Revidert budsjett for 2021**

Håvard Ims frå fylkesstyret la fram styret sitt forslag til revidert budsjett for 2021. Årsresultatet er ført som overskot på kr 500,-

Ingen tok ordet i saka.

**Vedtak:** Årsmøtet vedtok forslag til revidert budsjett for 2021.

### **Sak 11           Budsjett 2022**

Håvard Ims frå fylkesstyret la fram styret sitt forslag til budsjett for 2022.

Årsresultatet er ført som underskot på kr 10 500.

Desse tok ordet i saka: Anne Marie Nerby og Synnøve Jørgensen.

**Vedtak:** Årsmøtet vedtok forslag til budsjett for 2022.

### **Sak 12           Årspengar for 2022**

Synnøve Jørgensen frå fylkesstyret la fram styret sitt forslag til årspengar for 2022.

Desse tok ordet i saka: Gunn Thelin Knutsen, Torbjørn B. Lauen, Synnøve Jørgensen

**Vedtak:** Årsmøtet 2021 vedtok å vidareføra sats for medlems/årspengane uendra.

*Satsane til Rogaland Ungdomslag for 2022 er:*

Medlem over 26 år: kr. 50,-

Medlem under 26 år: kr. 30,-

### **Sak 13 Vedtektsendringar**

Synnøve Jørgensen la fram saka.

Desse tok ordet: Anne Marie Nerby, Jostein Apeland, Oddbjørg Halsteindal

**Vedtak:** Årsmøtet 2021 vedtok forslag til vedtektsendringar samrøystes.

### **Sak 14 Innkomne saker**

Ingen innkomne saker

### **Sak 15 Val**

Valkomiteen ved Jostein Apeland, Sandeid ungdomslag, la fram innstillinga.

#### **Styre:**

Leiar:	Synnøve Jørgensen	BUL Stavanger	Attval (på val i 2022)
Styremedlem:	Solgunn Liestøl	Midtbygdens UL	Attval (på val i 2023)
Styremedlem:	Ann Cathrine Høyland	BUL Stavanger	Ikkje på val (på val i 2022)
1. vara	Håvard Ims	BUL Stavanger	Attval (på val i 2022)
2. vara	Bjarte Holmedal	BUL Stavanger	Attval (på val i 2022)

#### **Bunadnemnd (blir etter nye vedtekter oppnemnd av styret)**

	Daghild Håvardsholm	BUL Stavanger	Attval (på val i 2022)
	Ragnhild U. Ødegaard	BUL Stavanger	Attval (på val i 2022)
	Eli Olsen	BUL Stavanger	Attval (på val i 2022)
	Målfrid Grimstvedt	BUL Stavanger	Attval (på val i 2022)

#### **Kontakt, SAFFRO (blir etter nye vedtekter oppnemnd av styret)**

	Lene Merethe Lønning	Haugesund Mållag og Ungdomslag	Attval (på val i 2022)
--	----------------------	--------------------------------	------------------------

**Ettersynsfolk**

	Oddvin Emmerhoff	BUL Stavanger	attval (på val i 2022)
	Magne Hope	BUL Stavanger	attval (på val i 2022)

**Valnemnd 2022:** Klepp leikarring, Krosshaug og UL Skjoldafjord

**Landsmøteutsendingar til NU 2021: 3 personar**

**Vedtak:** Årsmøtet vedtek valnemnda sitt framlegg av styret og framlegg av ny valnemnd 2022. Årsmøtet gjev styret fullmakt til å melda på 3 personar som utsendingar til Landsmøtet 2021.

Vikedal, 25.03.21



Solgunn Liestøl



Oddbjørg Halsteindal, HMU



Gunn Thelin Knutsen, BUL Stavanger